

Stensby, Trond

Frå: Dalen, Bjørn

Send: 22. juli 2010 14:13

Til: Fylkesmannen i Møte og Romsdal; Direktoratet for naturforvaltning; Fylkesmannen i Oppland ; Granum Knut; Per Olav Haugen; Thomas Rødstøl; Stensby, Trond; Aaboen Stig

Emne: Reinheimen nasjonalpark - søknad om bruk av båtmotor på Leirungsvatn og Torsvatn - nr. 40982

Det er gjort vedtak i Skjåk kommune i delegasjonssak 70/10 som gjeld Reinheimen nasjonalpark. Vi viser til vedlagde sak.

Med helsing

Bjørn Dalen tlf. 61217025

Ola Aanstad

2690 SKJÅK

**Delegert vedtak
70/10**

Vår ref
2009/1071/77/N08

Dykkar ref:

Saksbehandlar
Bjørn Dalen

Dato
22.07.2010

bjorn.dalen@skjaak.kommune.no

Saka gjeld: Reinheimen nasjonalpark - søknad om bruk av båtmotor på Torsvatnet og Leirungsvatnet-Ola Aanstad

Saksutgreiing

Det blir søkt om følgjande:

19. juli 2010

Søknad om bruk av motor på Torsvatnet og Leirungsvatnet for garnfiske sumaren 2010.

Ola Aanstad

Vurdering

Det blir søkt om løyve til å bruke motorbåt til å utøve fiske på 2 vatn i Reinheimen nasjonalpark, Torsvatnet og Leirungsvatnet.

Torsvatnet ligg i eit høgfjellsområde c.a. 1300 m.o.h. Innsjøen er 7,5 km lang og for å kunne nytte heile vatnet til fiske på ei natt er det nødvendig med bruk av motor. Det er lite andefuglar ved vatnet. Turistforeiningsstigen mellom Pyttbya og Torsbu går langs vatnet.

Leirungsvatnet ligg i det viktigaste våtmarksområde i Reinheimen nasjonalpark. Det har stor regional verdi og er nasjonalt interessant. Det er bl.a. registrert 7 artar av andefuglar på og ved Leirungsvatnet/Råkåvatnet i tillegg til andre artar. Å ta vare på desse artane er av overordna verdi for vernemyndet. Når det er opna for bruk av båt med motor på Leirungsvatnet er det under føresetnad av at ein viser spesielt stor aktsemnd overfor desse artane.

Når det gjeld forholdet til motorferdsellova er det heimel for bruk av motor på Leirungsvatnet og

Torsvatnet i lokal forskrift, med inntil ein storleik på 9,9 hestar.

Sidan Torsvatnet og Leirungsvatnet ligg i Reinheimen nasjonalpark må det i følge verneforskrifta for parken liggje føre ei vurdering med vedtak frå forvaltningsmyndet før båt med motor kan brukast. I verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark heiter det mellom anna:

6. Motorferdsel

6.1. Forbod mot motorferdsel

Motorferdsel på land og på vatn, og bruk av luftfartøy lågare enn 300 meter over bakken, er forbode.

6.2. Reglane i pkt. 6.1. er ikkje til hinder for:

6.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

f) Bruk av båt med motor på Ulvådalsvatnet og Leirungsvatnet i samband med fiske, materialtransport og organisert tilsyn av beitedyr.

g) Bruk av båt med motor på Torsvatnet i samband med fiske og transport i samband med jakt.

Ut ifrå dei gjeldande reglar har forvaltningsmynde høve til å gje løyve til bruk av båt med motor i desse tilfella, jfr. forskrifta.

Torsvatnet er eit mykje brukt fiskevatn, og det blir kvart år teke bra fangster i vatnet.

Leirungsvatnet er eit av dei beste fiskevatna i Skjåk kommune. Vatnet er over 2 kvkm. og den lokale forskrifta for bruk av motorfartøy i Skjåk kommune heimlar bruk av motorbåt på vatnet.

Ut ifrå ei vurdering av påverknad på verneverdiane opp imot behovet for å nytte motor på båt i samband med fiske, meiner forvaltningsmyndet at storleiken på vatnet og vindtilhøve er gode grunnar for å gje eit slikt løyve. Ein ser ikkje at dette vil gå utover verneverdiane dersom ein viser aktsemnd. Heller ikkje føre til forstyrning for turgåande da trafikken er svært liten. Etter samtale med søkjar så fiskar han på vatna kvar sumar og ynskjer å få løyve for 5 år.

Miljø- og næringsutvalget sitt vedtak:

Miljø- og næringsutvalget vedtek å gje Ola Aanstad, 2690 Skjåk, løyve til å nytte båt med motor på Torsvatnet og Leirungsvatnet i Reinheimen nasjonalpark. Løyvet gjeld i samband med fiske .

Løyvet blir gjeve med heimel i verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark dagsett 24.november 2006, § 3, punkt 6.3, bokstav f) og g).

Vilkår:

1. Dispensasjonen gjeld for utøving av fiske etter dei reglar som gjeld for fiske i Torsvatnet og Leirungsvatnet.
2. Løyvet gjeld for 5 år frå og med fiskesesongen 2010 i båe innsjøane.

Med helsing

Bjørn Dalen

Kopi til:

Ottadalen villreinutval v/Knut Granum 2690 SKJÅK

Møre og Romsdal fylke 6404 MOLDE

Statens naturoppsyn 2686 LOM

Fylkesmannen i Oppland Serviceboks 2626 LILLEHAMMER

Direktoratet for naturforvaltning 7485 TRONDHEIM

Kontaktutvalet for Reinheimen 2665 LESJA